



DET KONGELIGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Sjå vedlagte adresseliste

Deres ref

Vår ref  
200600142- /BSS

Dato  
17.09.2010

**Høyringsbrev - forslag til endring i konsesjonsforskrifta - høve for fartøy med pelagisk trålløyve og nordsjøtrålløyve til å nytte not**

**1. Innleiing**

Fiskeri - og kystdepartementet foreslår i dette høyringsbrevet å endre forskrift av 13. oktober 2006 nr. 1157 om spesielle tillatelser for å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskriften) slik at fartøy som er tildelt pelagisk trålløyve og nordsjøtrålløyve kan nytte not i enkelte av dei fiskeria som dei deltek i.

I næringa er det reist spørsmål om ikkje desse fartøygruppene bør kunne få høve til friare reiskapsval og høve til å nytte reiskapen not som alternativ til trål, tilsvarande som ringnotfartøy kan få løyve til å nytte trål. Dagens forskrift opnar ikkje for dette.

Fiskeri- og kystdepartementet legg med dette fram forslag om ei slik endring.

Høyringsfrist er sett til **29. oktober 2010.**

**2. Heimelsgrunnlag**

Pelagisk trålløyve er tildelt med heimel i konsesjonsforskrifta § 2-6. Det er registrert 23 fartøy som er tildelt pelagisk trålløyve som hovudkonsesjon. I tillegg er 11 fartøy med ringnotløyve også tildelt pelagisk trålløyve. Alle dei 23 pelagiske trålarane er også tildelt trålløyve for norsk vårgytande sild, makrell og lodde. Desse er regulert i §§ 2-20, 2-21 og 2-22 i forskrifta.

Nordsjøtrålløyva er tildelt med heimel i konsesjonsforskrifta § 2-10. Det er registrert 8 fartøy som er tildelt nordsjøtrålløyve som hovudkonsesjon. Fleire av desse er også tildelt trålkonsesjon for norsk vårgytande sild, makrell og/eller lodde, men ikkje alle.

Dei aktuelle føresegnene lyder:

**§ 2-6. (pelagisk tråltillatelse)**

*Fiskeridirektoratet tildeler pelagisk tråltillatelse.*

*Pelagisk tråltillatelse gir adgang til å drive fiske med trål etter nordsjøsild, øyepål, tobis mv. sør for 64° N og etter torsk, hyse, hvitting og sei mv. sør for 62° N og øst for 4° V. Tillatelsen gjelder også tråling etter kolmule i de områder og til de tider departementet bestemmer.*

*Tillatelsen kan utvides til å omfatte fiske med trål etter sjøkreps sør for 62° N, dersom det blir dokumentert at innehaveren av tillatelsen har drevet direktefiske etter sjøkreps før 20. april 1999.*

**§ 2-10. (nordsjøtråltillatelse)**

*Fiskeridirektoratet tildeler nordsjøtråltillatelse. Det kan ikke tildeles nordsjøtråltillatelse til fartøy som det er tildelt ringnottillatelse for, jf. § 4-1.*

*Nordsjøtråltillatelse gir adgang til å drive fiske med trål etter nordsjøsild, øyepål, tobis mv. sør for 64° N, og etter torsk, hyse, hvitting, sei mv. og sjøkreps sør for 62° N og øst for 4° V. Tillatelsen gjelder også tråling etter kolmule i de områder og til de tider departementet bestemmer.*

**§ 2-20. (tillatelse til å fiske norsk vårgytende sild med trål)**

*Fiskeridirektoratet tildeler tillatelse til å fiske norsk vårgytende sild med trål.*

*Slik tillatelse gir adgang til å drive fiske med trål etter norsk vårgytende sild i de områder og til de tider departementet bestemmer.*

**§ 2-21. (makrelltråltillatelse)**

*Fiskeridirektoratet tildeler makrelltråltillatelse.*

*Makrelltråltillatelse gir adgang til å drive fiske med trål etter makrell i de områder og til de tider departementet bestemmer.*

*Makrelltråltillatelse kan bare tildeles for fartøy som det også er tildelt pelagisk trål- eller nordsjøtråltillatelse for.*

**§ 2-22. (loddetråltillatelse)**

*Fiskeridirektoratets regionkontor tildeler loddetråltillatelse.*

*Loddetråltillatelse gir adgang til å drive fiske med trål etter lodde og polartorsk i de områder og til de tider departementet bestemmer.*

*For fartøy som har mindre enn 300 m<sup>3</sup> lasteromsvolum kan tillatelse tildeles uten hensyn til tidligere deltakelse.*

### **3. Nærare om forslaget**

Fiskeri- og kystministeren uttalte på Norges Fiskarlags landsmøte i 2009 at ”dagens redskapsvalg kan være et hinder for bruk av energieffektive fangstmetoder. Det er uheldig og lite fremtidsrettet. Med de begrensningene vi må ha av hensyn til biologien og miljøet, bør den enkelte fisker ha mulighet til å velge det redskapet som passer best. Jeg vil derfor starte et arbeid for å gjøre redskapsreglene mer fleksible.”

Dei fleste fiskeria er lukka. Grunngevinga for å lukke eit fiske er samansett og har variert. Lukking av dei ulike fiskeria har lagt føringar for reiskapsbruken og avgrensa valfridomen til fiskarane. Sjølv om dette var fornuftig og tenleg, er det ikkje gitt at det er slik no. Andre og nye omsyn, blant anna miljø- og lønnsomsyn, talar no for at den enkelte fartøyeigar i større grad bør kunne påverke og avgjere reiskapsbruken.

Dei fleste fiskeria er kvoteregulerte, noko som også gjer behovet for å regulere reiskapsbruken mindre. Men det vil likevel framleis vere andre omsyn som kan tale for å påleggje ein bestemt reiskapsbruk. Det er såleis mange utfordringar som må løysast før reiskapsvalet kan bli fritt. Spørsmålet om friare reiskapsval i alle fiskeria krev derfor ei omfattande utgreiing.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner det er rett å arbeide både i eit langsiktig og eit kortsiktig perspektiv når det gjeld friare reiskapsval. I eit kortsiktig perspektiv ønskjer Fiskeri- og kystdepartementet å ta for seg enkelte fiskeri der ein ikkje treng dagens restriksjonar i val av reiskap, og vurdere om desse kan opnast eitt etter eitt.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner at fartøy som er tildelt pelagisk trålløyve og nordsjøtrålløyve er eit slikt tilfelle. Desse fartøya har kvote på dei same pelagiske fiskeslaga som ringnotfartøy.

Fartøy med ringnotløyve har gjennom mange år kunna få løyve til å nytte trål i fisket etter makrell, lodde, sild i Nordsjøen og nvg-sild. Dette følgjer av konsesjonsforskrifta § 2-25 første ledd. Også kystnotfartøy som kan delta i ovannemnde fiske, kan som ei prøveordning få løyve til å nytte trål i fisket etter nvg-sild, jf. konsesjonsforskrifta § 2-25 andre ledd.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner at dei pelagiske trålarane og nordsjøtrålarane, slik som ringnotfartøya, bør kunne nytte både not og trål.

Det går fram av § 2-6 og § 2-10 at pelagiske trålarar og nordsjøtrålarar har rett til å fiske nordsjøsild, augepål, tobis mv. sør for 64° N og torsk, hyse, kviting og sei mv. sør for 62° N og aust for 4° V. Det er likevel ikkje aktuelt no å foreslå at fartøy med pelagisk trålkonsesjon skal få høve til å fiske kvitfisk sør for 62° N og aust for 4° V med not.

Fiskeri- og kystdepartementet vil derfor foreslå at fartøy med pelagisk trålløyve og nordsjøtrålløyve også skal kunne få løyve til å nytte not i fisket etter nordsjøsild, tobis, augepål mv. sør for 64° N. Dei av desse fartøya som har det nødvendige tilleggsloyvet bør også kunne få løyve til å nytte not i fisket etter nvg-sild, makrell og lodde.

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at dette blir gjennomført ved ein ny regel i konsesjonsforskrifta, § 2-26. Gjeldande § 2-26 om leigefartøy blir ny § 2-27.

*Forslag til ny § 2-26.*

*Fiskeridirektoratet kan tildele tillatelse til fartøy som er tildelt pelagisk tråltillatelse eller nordsjøtråltillatelse til å bruke not i fisket etter nordsjøsild, øyepål, tobis mv. sør for 64° N, samt i fisket etter kolmule i de områder og til de tider departementet bestemmer.*

*Fiskeridirektoratet kan også tildele tillatelse til fartøy som er tildelt pelagisk tråltillatelse*

*eller nordsjøtråltillatelse til å bruke not i fisket etter nvg-sild, makrell og lodde dersom fartøyet har tillatelse til å delta i disse fiskeriene etter §§ 2-20, 2-21 og 2-22.*

Høringsfrist er sett til **29. oktober 2010.**

Med helsing

Vidar Landmark  
avdelingsdirektør

Bergljot Strømme Svendsen  
seniorrådgivar

**Høyringsinstanser:**

Fiskeridirektoratet

Sjøfartsdirektoratet

Møre og Romsdal fylke

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune

Vest-Agder fylkeskommune

Norges Fiskarlag

Norges Kystfiskarlag

Sør-Norges Trålerlag

Fiskekjøpernes Forening

Fiskeri- og Havbruksnæringen Landsforening

Norske Sjømatbedrifters Landsforening

Norsk Sjømannsforbund

Norsk Sjøoffisersforbund

Norsk Maskinistforbund

Innovasjon Norge

Finansnæringens Fellesorganisasjon

World Wide Fund for Nature (WWF), (Verdens Naturfond)

Norges Naturvernforbund

SINTEF

Det Norske Veritas